

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/6570-12

Klage på avslag på søknad om skuleskyss

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følge.

Vedlegg:

1. Klage på vedtaket (e-post av 14.8.2019)
2. Stadfesting på at klagen vert oppretthalden (e-post 27.8.2019)

Andre relevante dokument i saka:

1. Delvis avslag på søknaden 7.8.2019
2. Førebels svar på klagen 27.8.2019
3. Underinstansen sitt svar på klagen 19.9.2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sunniva Naustdal er elev ved Eid vidaregåande skule. I forkant av skuleåret 2019/2020 søkte ho fylkeskommunen om skuleskyss.

Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 kilometer frå skulen, har rett til gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjerse, jf. opplæringslova (oppl.) § 7-2. Fylkeskommunen har ansvar for skuleskyss etter oppl. § 13-4.

Samferdsleavdelinga målte avstanden mellom den aktuelle heimen og skulen til å vere 5,6 km (kortaste veg vart seinare målt til å vere 5,1 km), og såleis under skyssgrensa. Fylkesdirektøren av slo søknaden om skuleskyss ved brev av 27.8.2019.

Sunniva Naustdal sin far, Torbjørn Naustdal, klaga på avslaget i e-post den 14.8.2019. Klagar viser til at oppmålinga av avstanden bør gjelde frå nærmaste busshaldeplass, og at måling frå dør til dør vert feil når busshaldeplassen ligg lengre vekk frå skulen enn bustaden.

Underinstansen informerte klagar i brev 27.8.2019 om at fylkeskommunen måler avstanden frå dør til dør, slik det er naturleg å gjere for å finne ut kor langt eleven bur frå skulen. Underinstansen bad klagar om ei stadfesting på om klaga skulle oppretthaldast.

Klagar stadfestar at han opprettheld klaga i e-post den 27.8.2019. Klagar stiller igjen spørsmål ved at avstanden vert målt frå dør til dør, og viser til at eleven då må gå til saman 11,2 km kvar dag i all slags ver for å kome seg til skulen ho vil gå på.

Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegerings- og innstillingsreglementet kap. 1.4.3.

2. Vurderingar og konsekvensar

Som nemnd innleiingsvis har elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 kilometer frå skulen rett til gratis skuleskyss.

Ifølgje fylkeskommunen sitt Skyssreglement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordaneⁱ punkt 2.2 blir avstanden målt slik:

Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. [...] Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg) vert lagt til grunn. [...] Med gangbar og farande veg, er det meint vegar som ikkje er skilta forbode for gåande, til dømes tunellar. Vegar som ikkje blir lagt til grunn er private vegar som er stengt for allmenn ferdsel, trase over utmark og stiar og trakk med dårleg framkomst. [...] Fylkesatlas vert nytta for å måle avstanden frå dør til dør.

Det er den kortaste vegen mellom heimen og skulen som blir lagt til grunn for å vurdere om avstandskravet i oppl. § 7-2 er oppfylt. Lova sitt avstandskrav er altså knytt til avstanden mellom bustad og skule, ikkje mellom busstopp og skule, som klagar synest å legge til grunn. Tanken er at elevar som bur nærmare skulen enn 6 km, skal gå til skulen eller dekke reisekostnadene sjølve. Elevar i vidaregåande skule har heller ikkje, slik som elevar i grunnskulen har, rett til gratis skyss på grunn av «særleg farleg eller vanskeleg skoleveg», jf. oppl. § 7-2 samanhalde med § 7-1.

I samband med underinstansen si handsaming av klagen er avstanden målt på ny, og den siste målinga viser at avstanden dør til dør er 5,1 km, og ikkje 5,6 km som tidlegare opplyst.

Vilkåret om avstand mellom heim og skule er i alle høve ikkje oppfylt, og eleven har såleis ikkje rett på gratis skuleskyss.

Fylkesrådmannen vil også minne om omsynet til likehandsaming. Avstandsgrensa i § 7-2 er objektiv og lik for elevar i heile landet. Det er andre elevar i vidaregåande skule i fylket som bur slik til at avstanden frå heimen til skulen er tett opp mot 6 kilometer, eller som har ein skuleveg der tilhøva ikkje er optimale. Heller ikkje desse har rett til gratis skuleskyss.

3. Konklusjon

Avstanden mellom heim og skule er 5,1 kilometer og Sunniva Naustdal har difor ikkje rett til gratis skuleskyss etter opplæringslova. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

ⁱ <https://img4.custompublish.com/getfile.php/3095107.2344.ubbfsusxwa/Skuleskyss+-+skyssreglement+vgs+2015.pdf?return=www.sfj.no>